



Informasjonsnotat / orientering

Frå:

Nina Erdal

ØKONOMIRAPPORTERING 1.TERTIAL 2012

Saknr/Journalnr
12/271/12/2662/INT/NE

Arkivkode
FE-200, TI-&14

Dato:
04.06.2012

Skatt- og rammeinntekter.

- Pr april har kommunen mottatt kr 102 000 meir i skatteinntekter enn budsjettert. I forhold til 2011 har me mottatt kr 545 000 meir. Kommunane samla har hatt ein skattevekst på 2 % i forhold til 2011 pr april, og års-anslaget på skatt er oppjustert.
- Rammetilskot pr april inkl inntektsutjamning er kr 300 000 meir enn budsjettert. Inntektsutjamninga fordeler skatteinntektene mellom skattesvake og skattesterke kommunar. Kommunen er totalt sett trekt for kr 1 mill i inntektsutjamning så langt i år. Det er budsjettert med inntekt på kr 1,4 mill. for 2012. Sum trekk pr april skuldast at naturressursskatt blir utbetalt i februar og april og i desse månadane ligg me over landsgjennomsnittet på skatt.
- Jfr revidert nasjonalbudsjett får Samnanger kommune ein inntektsvekst på minst kr 360 000 fordelt på rammetilskot og skatt, sjå eiga sak om budsjettendringar.
- Oppsummert ser det ut til at kommunen får kr 402 000 utover det som er løyvd i revidert nasjonalbudsjett, men som vanleg er det mykje som er usikkert rundt skatt og inntektsutjamning.

Eigedomsskatt på verk og bruk:

- Kommunen får inntekter frå eigedomsskatt på Sima –Samnanger i byggeperioden. Det er skreve ut kr 562 000 for 2012 og ½ part er innbetalt. Det er ikkje mottatt innvendingar mot utskreven skatt. Sjå budsjettendringssak.

Konsesjonskraft.

- Det er budsjettert med kr 5,6 mill i inntekt. I eiga budsjettendringssak vert det foreslått at budsjettet vert nedjustert med kr 1 mill. Prognosane ligg på under kr 4 mill for 2012.

Finansplassering

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest er 3,25 % på drifts- og fondskonto og 3,15 % på skattetrekkskonto. Renta i DNB er på 2,6 %. Det er frå 22.05.2012 inngått eit fastrenteinnskot på 1 år med rente 3,5 % med Nes Prestegjelds Sparebank.
- Kommunen har 39 147 aksjar i Nordisk Areal invest as. Verdien pr 1.kvartal 2012 er kr 81,- mot kr 81,50 pr 31.12.2011. Aksjane er lagt for sal til kr 86 pr aksje. Det har vore ein omsetnad så langt i år på kr 58 pr aksje.
- Aksjefondet First Norway Alfa vart avvikla i april og det er bokført ein gevinst på kr 13 768.

Tabell finansplassering

	31.12.2011		30.04.2012	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	10,36	34 %	7,73	25 %
Innskot i SPV (fondskonto)	17,75	58 %	22,75	73 %
Innskot i DNB	2,04	7 %	0,50	2 %
Pengemarknadsfond:				
Pluss – fondene	0,23	1 %	0,23	1 %
Samla kortsiktig likviditet	30,38	100 %	31,21	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap (i 1000 kr)	Mill NOK	Gevinst/tap (i 1000 kr)
Aksjefond*: First Norway Alpha	1,07	0,00	0,00	0,01
Aksjar*: Nordisk Areal Invest as	3,19	0,16	3,17	-0,20
kr pr aksje	81,5		81,-	
Tidsinnskot (Nes Prestegjeldssparebank)	5,51	0,21	5,61	0,11

*Verdi pr 31.03.2012. Tap og gevinst er akkumulert.

Lån og rentevilkår

- Det er i budsjettet for 2012 vedtak om låneopptak på kr 25,5 mill. På bakgrunn av at innskotsrente er høgare enn lånerente, vil heile lånet verta tatt opp i sommar.
- Den flytande renta som ligg til grunn i budsjettet er på 3 %. Det er og budsjettert med at renteutgifter som gjeld investering skal betalast i investeringsrekneskapen under bygging. Bokføring av desse renteutgiftene vert først gjort på slutten av året. Nøyaktig innsparing på renteutgifter i forhold til budsjett, er det derfor litt tidleg å seia noko om, men med flytande rente som ligg under budsjettert rente, vil det bli ei innsparing.

Tabell lån og renteutgifter

	31.12.2011		30.04.2012	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	78,35	68 %	77,33	68 %
Lån med NIBOR basert rente				
Lån med fast rente	37,65	32 %	36,96	32 %
Finansielle leasing				
Samla langsiktig gjeld	116,00	100 %	114,28	100 %
Avvik renteutgift i forhold til budsjett (- innsparing, + meirforbruk)			0	
Antall løpende enkeltlån	23		23	
Største enkeltlån	NOK 29,7 mill		NOK 29,7 mill	
Rentebetingelser:				
Kommunalbanken: flytande	3,17 %		2,75% *	
fast	3,12% - 5,63%		3,12% - 5,63%	
Husbanken: flytande	2,50 %		2,47%**	
fast	2,56%-5,88%		2,56%-5,88%	

*endra til 2,5% frå 02.05.2012 **endra til 2,08% frå 01.05.2012

Næringsfondet

- Saldo på fondet pr 01.01.2012 er på kr 1,3 mill. Det er i budsjettet for 2012 budsjettert med netta avsett kr 16 443.

Disposisjonsfondet.

- Saldo på disposisjonsfondet pr mai er kr 1,3 mill.

Økonomisk rapportering drift

Einingane meldar ikkje om vesentlege avvik på drift. Pleie og omsorg har framleis utfordringar i samband med fråver. Dei ligg i snitt på 0,2 vakt i døgnet meir enn budsjettert. Sjukepleiarmangel mm har ført til overtid og forskyving av vakter. Dei har gjennomført tiltak i forhold til medisin, forbruksmateriell og tekstil som har gitt positivt resultat.

Økonomisk rapportering investering

Barneskulen: Arbeidet er starta opp, sprenging er utført og forskalingsarbeidet er sett i gang. Prosjektet er godkjent av arbeidstilsynet.

Nordbygda barnehage (ombygging av skule). Dei held på med siste delen av arbeidet og reknar med å vera ferdig før fellesferien. Det er ikkje sett av pengar til leikeapparat på uteområdet. Sjå sak om tilleggslyving.

Det var i budsjettet forutsatt eit tilskot frå Enova på kr 500 000. Søknad er ikkje sendt og ramma er redusert med tilsvarende beløp. Utfordringa er at det var den opphavlege ramma som låg til grunn ved inngåing av rammeavtalar med leverandørar. Teknisk eining har ikkje så langt søkt om tilleggslyving. Dette vil dei ta stilling til når prosjektet er avslutta

Samnangerheimen: Skisseprosjektet er på det næraste ferdig. Rammeavtaler for prosjektering har vore ute på Doffin og konsulent arbeider med å systematisere innkomne anbod. Me reknar med at valet vil bli gjort før sommaren. Skisseprosjektet viser at når huset vert teikna, vert det noko større enn i romprogrammet som danna grunnlaget for kalkylen. Sjå sak 38/12 i formannskapet.

Vassforsyning Frøland: Leidninga i gangvegen frå Tysse til Frøland er prosjektert og lagt inn i anbodsdokumenta til Statens vegvesen. For å kunna levera vatn på leidningen, må samankoplinga på Tysse utførast. Dersom leidning skal leggast i vegen på Tysse, kan ikkje arbeidet gjerast før tunellen er ferdig. Teknisk ser no på ei løysing med eit borhol til Høgdebassenget på Ytre Tysse og ned til busslomma til skulen. Det ser ut til at dette kan vera ei løysing som er god, både driftsmessig og økonomisk. Då vil det kunna leverast vatn så snart vassleidninga er lagt i gangvegen. Det er ikkje konkludert med kva løysing som er best. Når det gjeld vatn til Totland var det tidlegare ein dialog med BKK for å få til ei løysing, her er det ikkje kome noko resultat enda. Det er rekna med eit vesentleg bidrag frå BKK.

Rolvsvåg Industriområde- øvre Rolvsvåg: Norconsult leverer ferdig plan medio juni. Teknisk har vore på befaring i området for å sjå på moglegheitene for å flytte vassinntaket lengre opp i elva. Det er og vurdert plassering av høgdebasseng.

Kommunehuset: Teknisk er i gang med å hente inn kompetanse eksternt for å legge anbodet ut på Doffin. Dei håper at dette kan gjerast før ferien.

Prosjekt økonomi, lønn og personal: Det er totalt ei kostnadsramme på kr 2,4 mill. Det er så langt brukt kr 1,96 mill og økonomien er under kontroll.